

Frå takvinkel til bruksendring

27.01.2010



Framstegspartiet har tre i forvaltningskomiteen etter at Thorleif J. Hellesøy slutta seg til partiet. Her sit han saman med Tove Lill Lakselv og Endre Blokhus. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Forvaltningskomiteen hadde 4 saker frå Uskedalen på sakskartet i dag. Dei galdt takvinkel, bruksendring frå løe til bustadhus, bustadbyggjing og flytekai.



Takvinkel-saka frå Ytre Eik er her oppe i forvaltningskomiteen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

* Ingen tok ordet og vedtaket var samrøystes om at Endre Nilsen Neset kan søkja om omdisponering av eit hus på Sanden frå løe til bustadhus.

* Med 5 mot 4 stemmer vart det gjeve tilsegn om dispensasjon slik at Per Arild Sjøwall kan dela frå ei bustadtomt

ned mot fjorden i Kleivadalen. Mindretalet stemte mot dispensasjon i tråd med forslaget frå rådmannen. Under første handsaming av saka i fjor var røystetalet det omvendte.

Fleirtalet no meiner det er særlege grunnar til dispensasjon fordi terrenget er så bratt og ulendt og lite brukt og fordi området framstår som tettbygd. Mindretalet viser til forbodet mot byggjing i strandsona og arealføremålet LNF i kommunedelplanen.

Leiar Einar Saghaug (IP) var i tvil om det aktuelle området er eit tettbygd strøk og peika på at det blir store inngrep i strandsona. Han meinte at eit positivt synsinntrykk var eit argument mot byggjing. Endre Blokhus (Frp) var for fortetting og meinte at eit hus på staden ikkje ville genera nokon. Elin Legland (Sp) meinte området var lite eigna til noko anna føremål og at det er eit tettbygd område. Gunn Mari Moberg (H): - Eigentleg er ikkje tomte brukeleg for byggjing, men når nokon vil gjera det må vi seia ja. Blokhus: - At området ikkje er brukeleg til noko anna, er ein god grunn i seg sjølv til å seia ja!

* Komiteen gjekk samrøystes i mot dispensasjon som gjev Svein Ove Næss løyve til å byggja fritidsbustad med ein takvinkel på 45 grader på Ytre Eik. Reguleringsplanen slår fast at takvinkelen skal vera mellom 24 og 32. Endre Blokhus (Frp) viste til at reguleringsplanen er 6 år gamal og at dette er den første hytta som blir bygd etter planen. Han spurte: - Er vi for strenge og får vi no søknadar om dispensasjon på løpande band? Skal vi lempa på kravet til takvinkel?

Verksemndsleiar Tormod Fossheim : Dette er svært gode spørsmål. Gir vi dispensasjon no, slepp til søknadane laus. Gunn Mari Moberg (H) peika på at dette ikkje er eit nytt område og at det er varierende takvinklar der. Morten Vevatne (V): - Hvis vi seier nei, er det til hjelp for tiltakshavaren. Gjer vi ikkje det, blir dette ei mølle!

* Med 6 mot 3 stemmer og etter forslag frå Gunn Mari Moberg (H) vedtok komiteen å gje dispensasjon slik at Brit Margrethe Dale får løyve til å leggja flytekai med treplattung ved hytta si innafor Jektholmen på Skorpo. Moberg peika på at terrenget i det aktuelle området ikkje er enkelt og fekk støtte av Tove Lill Lakselv (Frp).

Av Ola Matti Mathisen